



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:
Dykker:
Vår: 14/2379 - 14/12642

Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
Siril.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:
23.05.2014

Oversending av klage til endeleg avgjerd - gbnr 99/4 Våge

Saka gjeld:

Lindås kommune vart gjort kjent med at det gjekk føre seg graving og sprengningsarbeid på eigedomen gbnr 99/4. Det vart gjennomført ikkje varsla synfaring på staden 12.3.2014, og det vart konstatert at det har vore utført grave- og sprengningsarbeid på eit stort område som ligg sør for atkomstvegen inn til eigedomen. Tiltaket er ikkje omsøkt og godkjent etter plan- og bygningslova.

Den 12.3.2014 fatta Lindås kommune administrasjonen vedtak om stoppordre jf. pbl. § 32-4.

I brev av same dato vart det med heimel i pbl. § 32-2 varsla om pålegg om at dei utførte terrenginngrep på eigedomen må tilbakeførast. Det inneber at massane må førast tilbake til opphavleg terrengnivå. Frist for tilbakeføring vart sett til 1.5.2014. Alternativt kunne det sendast inn komplett søknad om tiltaket etter pbl. § 20-1 med dispensasjon frå LNF-føremålet, samt løyve til tiltak etter jordlova. Tvangsmulkt vart og varsla. Kommunen vil fatte vedtak om ileyding av tvangsmulkt på kr. 10.000 dersom arbeidet ikkje stansa omgåande. Dersom det ulovlege tiltaket ikkje er ført tilbake, og kommunen ikkje har motteke dokumentasjon på dette innan 1.5.2014, kan det bli fatta vedtak om tvangsmulkt i form av dagsmulkt på kr. 1.000 jf. pbl. § 32-5.

Vedtaket vart påklaga 19.3.2014 av Alf Eikevik v/ Arkitekt Rolv Eide AS. Alf Eikevik er heimelshavar til eigedomen gbnr 99/4.

Plangrunnlag:

Eigedommen ligg i LNF- område i kommuneplanen sin arealdel.

Saka vart handsama av Plan- og miljøutvalet i møte den 14.05.2014, der følgjande vedtak vart fatta:

PM - vedtak:

Vedtak i PMU - 14.05.14:

Lindås kommune sitt vedtak datert 12.03.2014 vert oppretthaldt. Klagen vert ikkje tatt til følgje.



Som grunngjeving av vedtaket vert det vist til saksutgreiinga og vurderinga.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd. Saksdokumenta er vedlagt.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Siril Sylta på e-post siril.sylta@lindas.kommune.no eller på telefon 56 37 51 62.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konstituert fagleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på vedtak om stoppordre - gbnr 99/4 Våge

Stoppordre etter pbl § 32-4Varsel om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt etter pbl §§ 32-3 og 32-5 - gbnr 994 Våge

Klage på vedtak om stoppordre - gbnr 99/4 - Våge

Diverse skriv til saka

Foto og kart

Situasjonskart

Bilete synfaring 12.03.2014

Kopi til:

Alf Eikevik	Kollåsen 54	5116	ULSET
Arkitekt Rolv Eide AS	Postboks 325	5343	STRAUME

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
--------------------------	---------------	------	--------